

Huglo

TEMA: *Embetsmennene* ①61, *Frå urskog til lynghei* ①17
KART: ④438

Futegarden på SØRHUGLO er ein av dei mange embetsgardane i Hordaland. Etter tradisjonen vart «Futastovo» bygd av futen Gram i andre halvdel av 1600-talet. I 1943 vart bygningen flytta til Sunnhordland Museum.



FUTEGARDEN

IVAR KNUDSEN GRAM var fut i Sunnhordland 1648-57. Han døydd i 1697. Slekta kom frå Sør-Jylland, og fleire representantar drog på den tida til Noreg som embets- eller handelsmenn. Ivar Knudsen var ein velhalden mann og åtte fleire gardar. Sjølv budde han mestedelen av livet på Sørhuglo, som på folkemunne har vorte heitande «Futegarden». Son og soneson til futen var lensmenn i Føyno skipreide.

Den opphavlege delen av huset har to stover med lem over, gang og kjøkken med sval.

«Futastovo» er truleg ei av dei første lemmstovene i Stord. Storleiken står i høve til det vi veit om embetsmennene og lågadelen sine husvære på 1600-talet.


Fram mot 1800-talet vart huset påbygt. Den nye delen har stove, kammer, kjøkken og bislag. Ei ark over lemnen kan ha kome til endå seinare.

Ei røykstove, truleg frå mellomalderen, skal ha vore ein eldre bustad på futegarden. Også ho står i dag i Sunnhordlandstunet. □

Hovudhuset frå futegarden på Huglo er som ei velbygd bondestove.

T.v.: Kristtorn.

Huglo ligg sentralt i innseglinga til Hardangerfjorden.



RUNER FRÅ FOLKEVANDRINGSTID

Bautasteinen frå Nordhuglo har runeinnskrift frå folkevandringstida, truleg noko før år 500 e.Kr. Her står innhogge – i frumnordisk språk –: «ek gudija ungandiR». Runegranskarar meiner det skal tyda:



«Eg, gøden (presten, sereimonimeisteren) som ikkje kan råkast av gand (trulldom)». Tøppen av steinen er avhoggen, så innskrifta har vore lengre. Steinen låg fram til 1905 i ei bryggje ved Huglavikjo, og ingen veit lenger kvar han opphavleg stod. Han er no i Bergen Museum.

Bautastein frå folkevandringstida.

HUGLO – EIT NATURELDORADO

Huglo ligg lengst sør i ei gruppe av små øyar, der Langenuen møter Hardangerfjorden. Eit mildt vinterklima og fine sommartemperaturar gjev grobotn for varmekjære planter og tre. Berggrunnen vekslar frå kvarts og konglomerat til marmor og kalkstein. Denne variasjonen skaper også stor variasjon i vegetasjonen; frå skrinne lyng- og furuåsar i vest til frodige og rike skrånningar aust for høgdedraget Brunene og ut mot Brandaleitet. Her finn vi fine område med viltveksande kristtorn; hovudsymbolet i kommunevåpenet. Medan få gjerne har lagt merke til dei små, kvite blomane på ho- og hanntrea, er nok dei vakre, raudе bæra vel kjende for dei fleste. Her finst også det giftige nåletreet barlind og lyskrevande bregner, ask, alm og lind, saman med eik og svartor. Mange stader dannar eføy eller bergflette store, samanhengande felt – ei kontrastrik øy som er vel verd ei vitjing.